

## Til Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

11. november 2016

### *Vurdering av uavhengigheit*

#### **Innleiing**

I følge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet. Ved Deloitte si planlegging av det einskilde oppdrag vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild forvaltningsrevisor i revisjonsteamet inngå som eit eige punkt i planlegginga. Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor si skriftlege eigenvurdering skal liggje som eit vedlegg til denne vurderinga.

Både kommunelova (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) sett krav til revisor si uavhengigheit. Krava er nærare skildra under.

#### **Loven og forskrifta sine krav til uavhengigheit**

I fig. kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som føretar revisjon ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i fylkeskommunen eller i verksemd som fylkeskommunen tar del i
2. vere medlem av styrande organ i verksemdar som fylkeskommunen tar del i
3. ta del i, eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på anna vis er eigna til å svekke tilliten til den som føretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar), som har slik tilknytning til revidert verksemd at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova § 79 og forskrifta § 14 følgjande krav:


5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingsoppdrag eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor si uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige sine (dvs. fylkeskommunen sine) eigne leiings- og kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstollova

8. det må ikkje føreliggje andre særleine forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor si uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgåvene

### Revisor si eigenvurdering knytt til punkta som er nemnd over

Pkt 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som fylkeskommunen tar del i.</i>
Pkt.3: Ta del i eller inneha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna tar ikkje del i eller innehar funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som forvaltningsrevisor</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til Sogn og Fjordane fylkeskommune som har innverknad på mi uavhengigheit og objektivitet</i>
Pkt 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje blir ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune som kjem i konflikt med denne bestemminga.</i></p> <p><i>Før slike tenester blir utført av Deloitte AS blir det føretatt ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor si uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøving av slik teneste kjem i konflikt med bestemminga i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer jamleg spørsmål/ førespurnader som er å ansjå som rettleiing og bistand og ikkje forvaltningsrevisjon, Paragrafen seier at også slik rettleiing må skje med varsomheit og på eit vis som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje blir ytt tenester overfor Sogn og Fjordane som høyrer inn under fylkeskommunen sine egne oppgåver knytt til leiing og kontroll</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfestar at verken forvaltningsrevisor eller Deloitte AS for tida opptrer som fullmektig for Sogn og Fjordane fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særleine forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særleine forhold som er eigna til å svekke tilliten til mi uavhengigheit og min objektivitet.</i>

Med venleg helsing  
Deloitte AS

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Stein Ove Songstad', with a long horizontal flourish extending to the right.

Stein Ove Songstad  
Ansvarleg Partner